

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 Brynet

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Klepp

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: H. H. Kleppe,

Gard: Kleppe

(adresse): Kleppe, Jaren.

G.nr. 1 Br.nr. 19.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I sauråd med bonde Loen Vådeland, Klepp. 77 år

SVAR

1) I Klepp er „Kvass-steiden“ det vanlege ord for brynet. Stein eller „heiden“ er eit bryne av nokko finare slag, meir finkrystallinsk eller mest som ein leirskifer. Vart nytta til barberknivar eller slike ting som skulle vera riktig kvasse.

2. Folk brukar framleis bryner av naturstein, dersom dei er å få i handelen, for dei gjer finaste egg, men mange brukar òg bryne av kunststein. Det kan vera fine slag av dei òg. I Klepp finn ein ikkje naturleg brynestein. Det er vanleg sagt at bryna som var nytta her, kom frå Pålund-stranda i Fede mark.

3) No er det slik at alle reidskap vert slipte på ein finare eller grovare slipestein og så kvasse etterpå med bryne. Kjenner ikkje til at reidskap berre vert kvasse med bryne.

4) Jegen kan no hugsa at Gåegg vart tynta ut med hamar. Men i eldre tider var nok det vanlegt her òg. Ei segje fortel at i utgamal tid gjekk folket i bygda kvar lauvdagskveld til Omvindsberget i prestegardsutmarka og la med Gåane sine der saman med smør og turkøkt uopa. Når dei då henta Gåane måndagsmorgonen var dei godt kvasse. Dei sa det var huldra som gjorde dette. Med sigdane var det på same måten. — Det er ikkje råd å segja med vissn kva tid folk her tok til å bruka slipesteinar, men ikring 1800 var det truleg slipesteinar her.

Kan ikkje med vissn seia kva skilnaden var på ein slipegå og ein tyuslegå, men litt skilnad var der. — I eldre tider

2
var det mange gards-smier her, og det er grunn til å tru at
Gjåkyuninga vart gjort i desse gards-smiene, for avstanden frå
gards-smiene til slåttekeigen var ikkje lang. Kjenner ikkje til
at dei nytta „draglestes“.



5) Det har ikkje vore vauleg her å ha ein fast stein
„senda“ eller „seunesten“ til å slipa på. Nokre unna-
fak har det truleg vore; men ikkje no.

6) Gjæen vart slipt for kvar åkt (3-4 timar), men slåttekaren
kotte vauleg ein reservegjæ med. Det kotte her mykje å seia om Gjæen
var av godt slag og om slåttekaren var god til å bryna eller „kevegga“
Gjæen. Slipestein vart nytta så langt rås var.

7) I seinare tider er det berre nytta eit slag av bryne til Gjæen.
Men i eldre tid brukta dei noko dei kalla „stråga“. Det var
eit noko flat trestykke (helst av brisvestre) som var innsett
med litte små steinar som var høvelege til å kvessa Gjæen -
istaden for sliping. Har berre høyrst om dette. Bryner av tre
har ikkje vore vaulege her.

8) Så snart rås er vert Gjæen tekken or ovvet når han skal
slipast. - Dei fleste held eggja mot seg ved slipinga.

9) Held Gjæen med vinstre handa og tek til med bryninga inne ved
ovvet, stryk så med brynet ein eller to gonger på kvar sida av
eggja, og med vinstre handa arbeider ein seg så utetter på Gjæen.
Gjer dette minst to vendar. Stuttov er lite brukta her, men her bryner
ein gjerne ei heil sida av eggja om gonges.

10) „Skolpi“ kallar me det som brynet vert bore i. Firkanta eller
halvriind  , laga av tre. Er no lite i bruk.

11) Kjenner ikkje til „Skolpi“ av okskora. 12) „Skolpen“ var med ei ler-
strapp fest til ein kvapp hak på bukasa eller fest til belterreim.

13) Bryne av naturstein vert som regel punkt, - ikkje så vauleg med
påkling av kunststein, summe brukar òg alje. 14) Kjenner ikkje
noko namn på bryne = vijalet.

15-20 Kan diverre ikkje gjeva svar på desse spør-
mål, for ein har ikkje høyrst noko om dette her i
kygda.